



Protokoll

STYREMØTE I SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK IKS

Møtedato: Onsdag 18. desember 2024

Tidspunkt: kl. 15.00, digitalt Teams-møte

Styremedlemmer:

Anne Holstad – meldt forfall

Christoffer Eiken

Camilla Storøy

Arnulf Goksøyr – meldt forfall

Anne Marte Beitveit

Kjartan Grimstad

George Fulford

Frå administrasjonen møter:

Dagleg leiar Andrea Øien Sæverud og økonomisjef Gunn Røyset.

Sakliste – vedtakssaker:

SAK S43/24

Godkjenning av innkalling og sakliste

Tilråding til vedtak: Styret godkjenner innkallinga og saklista

Styrehandsaming:

Vedtak: Styret godkjende innkalling og saklista

SAK S44/24

Godkjenning av referat

Tilråding til vedtak: Styret godkjenner referatet frå sist styremøte.

Styrehandsaming:

Vedtak: Styret godkjende referat frå sist styremøte.

SAK S45/24

Perioderekneskap per 31/10 2024

Sjå vedlegga (Unntatt offentlegheit, jfr. offentleg-lova § 14, første ledd):

Perioderekneskap:

- Resultat pr oktober hushald
- Resultat pr oktober næring
- Kommenterar til perioderekneskap pr oktober

Tilråding til vedtak: Styret tek perioderekneskap per oktober til vitande

Styrehandsaming:

Vedtak: Styret tok perioderekneskap per oktober til vitande

SAK S46/24 Møteplan 2024

Dette er dei fastsette møtepunkta for 2024. Datoar for styremøta må også på plass. Styret må lande desse i møtet.

- 29. og 30. januar: Strategisamling i Molde
- 22. mai: Møte i representantskapet
- 12. november: Møte i representantskapet

Tilråding til vedtak:

Styrehandsaming:

Vedtak: Følgande datoar vart vedtekne:

- Torsdag 30.januar (dag to av strategisamlinga i Molde)
- Onsdag 5.mars (foreløpig årsrekneskap) kl 15:00 - Teams
- Onsdag 2.april (gjennomgang årsoppgjer) 14:30
- Torsdag 24.april (gjennomgang sakspapir til rep.skapsmøte 22.mai) kl 8:30
- Fredag 13.juni (rekneskap pr april) kl.8:30
- Måndag 1.september (rekneskap pr juni) kl.8:30
- Torsdag 25.september (budsjettdrøftingar) kl.8:30 - Teams
- Torsdag 16.oktober (rekneskap per august, prognose og budsjett/sakspapir før rep.skapsmøte 12.november) kl.8:30
- Torsdag 11.desember (rekneskap pr oktober) kl.8:30

Sakliste – orienteringssaker:

Sak S42/24 Orienteringar

- Hageavfall: Det er planlagt å teste ut ubemanna grein plass neste år. Det vil i så fall blir lagt opp til kameraovervaking og med open port heile døgnet. Praktisk tilrettelegging blir drøfta vidare. Styret stilte spørsmål om det vil kunne vere aktuelt med delvis bemanning som overgangsordning. Ein skal prøve å kartlegge kor mykje ekstraarbeid det kan bli knytt til feil levert avfall/misbruk av ordninga. Viktig å ta tak i avvika tidleg.
- Sidelastar: Denne er no komen til SSR og har vore prøvd ut dei siste dagane. Ein satsar på full drift frå veke 3. Det vil bli sendt ut info til innbyggjarane i veke 2, brev og info i media.
- Samarbeid mellom renovasjonsselskapa i fylket: Det var ei samling sist veke der ein besøkte biogassanlegget som er under bygging i Hornindal. Anlegget er planlagt å kome i drift pr 1.1.26.
- Sjukefråværsoppfølging: Fortsatt fin utvikling i forhold til tidlegare. Pr 30.9.var fråversprosenten 5,6%, medan den i 2023 var 11,8%. Snittet i bransjen er 7%. SSR har utarbeida ny prosedyre knytta til korleis rutinane skal vere ved kort og langt fråver. Denne er utarbeidd i samarbeid med bedriftshelsetenesta, Medi3.
- Brannen på anlegget: Situasjonen vart svært godt handtert av tilsette. Til saman ti personar vart kontrollert av helse på staden (ambulans), og fem av desse fekk behandling i ambulansen. To av dei måtte til sjukehus, men kom ut same kveld. Nye

risikovurderingar skal gjerast og hendinga meldast til Arbeidstilsynet. Styret ønskjer ei kort skriftleg oppsummering av brannen, positive og negative funn. Når industrivernet er i sving, vil det bli utvida opplæring i stenging av spjeldet på pressa. Dette var den viktigaste faktoren til at brannen ikkje spreidde seg på anlegget.

- Styreevaluering. Vil bli gjennomført på nyåret.

Andrea Øien Sæverud
Dagleg leiar

George Fulford
styreleiar